



Kvifor får geita diaré? – årsaker og løysingar

Forfatter

Helga Kvamsås, Fagspesialist i TINE

Sammendrag

Diaré og mage-/tarmproblem i geitebuskarar betyr ofte produksjonsnedgang, mykje ekstraarbeid, tilbakehalding av mjølk og i alvorlege tilfeller tap av dyr. Som oftast kommer diaréproblem av fôringa.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2014

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Kvifor får geita diaré? – årsaker og løysingar

Diaré og mage-/tarmproblem i geitebuskapar betyr ofte produksjonsnedgang, mykje ekstraarbeid, tilbakehalding av mjølk og i alvorlege tilfeller tap av dyr. Som oftast kommer diaréproblem av fôringa.

Analysar av avføringsprøver frå geiter med diaré i fleire besetningar på Sunnmøre syner at det oftast er fôringa som er årsaka til at diaré oppstår. Førebygging, men også ulike behandlingalternativ, var viktige diskusjonstema på fagmøte for geitehaldarar i TINE Vest i mars.

Veterinær Marit Smistad hadde teke initiativ til fagmøtet på Stranda 12. mars. Saman med sine kollegaer Niek Schreijer og Gunnar Valdal, samt fagspesialist i TINE, Helga Kvamsås, vart årsaksfaktorar, regime for behandling og vaksinerings og førebygging gjennom fôringstiltak gjennomgått.

Førebygging framfor behandling

Omfanget av problema med diaré i mjølkegeitbuskapane er ikkje godt nok kartlagt per i dag. Tilbakemeldingar frå veterinærar, produsentar og rådgjevarar tyder derimot på at i periodar er mage-/tarmproblem ei betydeleg utfordring i ein del buskapar. Antibiotika kan brukast ved behandling, men effekten varierer alt etter kor alvorleg situasjonen er.

I sitt foredrag peika Marit Smistad på at det er svært viktig at ein følgjer ei restriktiv linje ved bruk av antibiotika. Ho hevda at førebygging av mage-/tarmproblem er den avgjort viktigaste strategien, både for å unngå at sjukdom oppstår og for å redusere medisbruken.

Infeksjonar og fôringsfeil kan vere årsaka

Bakteriar, virus og parasittar kan forårsake diaré hos geiter og kje.



(Foto: Hege Gonsholt)

Avhengig av alder tenkjer ein på ulike årsaker:

Fødsel-1 mnd.	1-3 mnd.	> 3 mnd.
1 E. Coli	Feil fôring	Feil fôring
2 Feil fôring	Koksidiose	Clostridier
3 Kryptosporidier	Clostridier	Koksidier
4 Clostridier		
5 Rotavirus, andre virus		

Hos nyfødde kje kan ulike bakteriar og virus vere årsak til diaré, men ofte er det vanskeleg å finne den direkte årsaka i denne aldersgruppa.

Den viktigaste enkeltfaktoren for å utvikla mage-/tarmbetennelse hos spedkje er for lite råmjølk dei første 15 timane etter fødsel. Deretter er mangelfull hygiene og problem med

mjølkefôringa viktige faktorar. Mage-/tarmsjukdommar på kje vil ofte gi varig svekka individ med nedsett produksjonspotensiale heile livet.

Koksidiar kan vere eit problem

Ulikt sau kan koksidiøse opptre i innefôringsperioden - oftast på kje under 6 månader. Koksidiar er eincella parasittar som øydelegg tarmslimhinna. Lite areal og utfordringar med hygieniske tilhøve i bingane kan vere årsaker til koksidiøse. Kje på talle er meir utsett. Det er lurt å ta avføringsprøver av kje med diaré. Sjuke kje skil ut svært store mengder koksidiar og bør isolerast.

Lite parasittar, men store mengder clostridier

For å kome årsakene til diaréproblema i enkeltbuskar nærare, har veterinær Marit Smistad gjennomført prøvetaking i fleire geitebuskar som har vore plaga med diaré. Det er teke avføringsprøver av geiter med diaré og kontrollprøver av friske geiter i same besetning. Resultata i desse besetningane tyder på det same:

- Parasittar vart funne berre i små mengder og er utelukka som årsak.
- Det vart funne store mengder av bakterietypen Clostridium perfringens hos diarégeitene.
- Hos dei friske kontrollgeitene vart det funne ein uspesifikk, normal blandingsflora.

Kvifor vert det oppblomstring av clostridier?

Bakterien Clostridium perfringens type D finnes normalt i små mengder i tarmen. Dersom fôringsmessige tilhøve forårsakar stor oppblomstring av Clostridier i tarmen kan bakteriane produsere store mengder giftstoff som kan gi betennelse i tarmslimhinner, både i tynntarm og tjukktarm, og andre kroppsvev. Tarmslimhinna kan truleg verte skada for lang tid, avhengig av kor alvorleg og kor lenge geita er sjuk.

Ein ubalansert fôrassjon med store mengder lettfordøyelege karbohydrat er den vanlegaste årsaka til sterk vekst av Clostridier.

Ein annan effekt av store mengder lettfordøyelege karbohydrat i rasjonen er stor og rask produksjon av organiske syrer i vomma. Resultatet er synkande pH, favorisering av mjølke-



(Foto Helga Kvamsås)

VOSS Landbruksrekneskap

“Godt, enkelt og lettfattelig” - frå vurdering i fagbladet Norsk Landbruk

Komplett frå bilagsføring til ferdige liknings skjema og skatteutrekning

Landbruksdata
VOSS AS

Også elektronisk innlevering
Pris: kr. 2000,- (årleg vedlikehald: 925,-)

Gratis demo på nettett!

Tlf. 56 52 98 55 - post@landbruksdata.no - www.landbruksdata.no

OPTIMA pH GEL

treng du til lamminga

- Til jur og spenesalve
- Til bruk ved fødselshjelp etc
- Til munnskurv etc

Les om Optima til sau og geit på www.optima-ph.no

OPTIMA PRODUKTER AS
Tlf. 56 56 46 10
Norheimsund
www.optima-ph.no

syrebakteriar, som ytterlegare forsurar vommiljøet, og sterk reduksjon av den delen av vomfloraen som fordøyer grovføret. Ein kan risikere å føre seg inn i eit problem med sur vom som er vanskeleg å rette opp. Fiberfattig grovfør, kombinert med kraftfôr med høg del lettfordøyeleg stivelse/sukker, er døme på ein førrasjon som fort kan resultere i ein situasjon med risiko for oppformering av Clostridier i tarm og/eller sur vom.

Resultat av oppformering av Clostridier i tarm:

- Produksjon av giftstoff
- Betennelse i tarmslimhinne -> kolikkmerter og blodig diaré
- Betent tarmslimhinne, giftstoff vert teke opp i systemet. Øydelegging av blodkar
- Allmennpåkjenning, feber, sløvheit, krampar, pusteproblem (forgifting)

->Endotoksemisk sjokk, vevsdød, væskeansamling i hjerne, hjerte, lunge -> død

Resultat av sur vom og mjølkesyreproduksjon i vomma:

- Nedsett appetitt, lågt og svingande grovføropptak
- Væske dras fra systemet til vom/tarm -> uttørking og diaré
- Mjølkesyre: kjemisk skade på vomepitel, kan ta lang tid å lege, geita vert meir utsett for at tilstanden kan gjenta seg.

Diaréproblem hos mjølkegeit er samansett

Dette var Marit Smistad sin konklusjon etter gjennomgang av årsakssamanhengar og resultat av prøvetaking i geitebuskarar i distriktet. Clostridier er nesten alltid ein del av sjukdomsbildet. Behandling med antibiotika er vanleg,

men sterkt ynskjeleg å redusere til eit minimum. Det er viktig at ein også prøver ut alternative behandlingsformer som også kan gi bra effekt:

- Væskebehandling for å gjenopprette saltbalanse
- Antacider: får opp pH i vomma
- Kullpasta: binder giftstoff i tarmen
- Vomstimulerande midler
- Bufferstoff som bidrar til å hindre pH-fall i vomma (bikarbonat m.m.)

Behandling er vanskeleg og fokus må ligge på førebygging. Tiltak gjennom rett og planmessig føring, der ein har kontroll på innhald av sukker-/stivelsesnivå og strukturverdien i førrasjonen, er det viktigaste førebyggjande arbeid ein kan ta tak i.

Av Helga Kvamsås
Fagspesialist i TINE



(Foto Helga Kvamsås)

Førebygging av mage-/ tarmsjukdommar

Når mage-/tarmsjukdommar i all hovudsak er føringsbetinga vil det enklaste og beste tiltaket vere å bruke det planleggingsverktøyet vi har for å ha kontroll på dei viktigaste risikofaktorane. TINE Førplan Geit gir eit svært godt grunnlag for å planlegge ei føring som førebygger mage-/tarmsjukdommar ved:

- Rett valg av kraftfôr tilpassa grovførkvaliteten
- Valg av kraftfôr med riktig forhold mellom NDF og stivelse
- Kontroll på rasjonens vombelastning
- Kontroll på nivå av sukker/stivelse i totalrasjon
- Kontroll på kraftfornivå
- Berekning av gode grunnblandingar der ein har mulighet til å mikse grovførkvalitetar i blandevoegner
- Plan for disponering av ulike grovførkvalitetar
- Plan for å unngå førskiye i kritiske periodar
- Gode strategiar for overgangsføring omkring kjeing

Dersom ein i tillegg kan svare ja på fylgjande spørsmål, har ein eit godt utgangspunkt:

- Rikelig med grovfør av god kvalitet på førbrettet til ei kvar tid?
- Grovfør av god hygienisk kvalitet med lite gjæringsprodukt?
- Tildeling av kraftfør mange gonger per dag for å halde jamn vom-pH?
- Store unggeiter som kan ta opp mykje grovfør?
- JAMN grovførkvalitet ?